Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vår dato: 13.06.2022
Vår ref: 2019/231
Dykkar dato:
Dykkar ref: PLAN-19/00334

Kristiansund kommune
Postboks 178
6501 KRISTIANSUND N

Saksbehandlar, telefon
Kristin Eide, 71 25 84 33

Kristiansund kommune - Uttale til andre offentleg ettersyn av arealdelen til kommuneplan 2020-2032 - motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn
Kristiansund kommune har sendt arealdelen av kommuneplanen på andre offentleg ettersyn etter vedtak i *Hovedutvalg for plan og bygning* den 31.januar 2022, sak 5/22.

Statsforvaltaren har ansvar for å samordne statlege motsegner. Denne uttalen er såleis med i ordninga der vi fremmer motsegn på vegne av Avinor.

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgjande punkt:

Avinor:
- Areal på gbnr. 33/50 sør for rullebanen har ikkje formål *lufthamn* på plankartet.
- Føresegna om «birdstrikes» må bli revidert med Avinor sitt forslag til tekst.

Heile fråsegna til Avinor ligg vedlagt.

Statsforvaltaren:
- Vegline (nr. 30) ved Gløsvågen lite utgreidd og uheldig for friluftsinteresser og naturmangfald
- Bustadområde Storbakken (nr. 46) gir bustadområde på viktig kystmyr
- Eigendefinert byggegrense mot sjø lite utgreidd og fleire stader uheldig plassert
- Manglande vurdering av kantsone vassdrag
- Naust i Ørnvika (nr. 43) uheldig for ålmenne interesser
- Formål *sjøareal* i Brunsvika nr. 11 sikrar ikkje friluftsinteressene tilstrekkeleg

- Stabeldammen (nr. 27) - følger opp motsegn i pågåande reguleringsplanprosess
- At nærmiljøanlegget/grusbane på gbnr. 5/559, (nr. 13) delvis blir bustadformål
- Opprettheld motsegn:
    - Manglande tryggleik for storulykkeverksemder
    - Mangelfull ROS-analyse – opprettheld motsegn
    - Manglande tryggleik mot stormflo, inkl. havnivåstigning og bølgjepåverknad

Statsforvaltaren viser til at plana sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot områdeskred av kvikkleire og trekker den motsegna gitt 23.10.2020.

Nærare gjennomgang av Statsforvaltaren sine motsegner og faglege råd:
I vår uttale 3.oktober 2020 til første offentleg ettersyn gav vi ros til ein arealdel som har tatt på alvor målet om å prioritere fortetting og transformasjon av allereie utbygde område i staden for å bygge ut nye urørte areal. Arbeidet med arealstrategien gav ei politisk forankring, og var eit bindeledd mellom samfunnsdelens mange mål og dei meir konkrete arealdisponeringane i arealdelen.

Ved andre offentleg ettersyn har det kome inn fleire innspel frå enkeltinteresser i kommunen, samt frå ulike mynde. Gjennom politisk behandling har fleire av innspela blitt høyrt, noko som har resultert i ein del endringar som i større grad utfordrar føringane i arealstrategien.

Vi ser at involvering av barn og unge ved Ungdomsrådet skjedde ved utarbeiding av arealstrategien, men at dei ikkje er reelt følgt opp i vidare prosess.

Statsforvaltaren har gjort ei vurdering av endringane, og har motsegn til enkelte byggeområde og krav i føresegna. Våre motsegner gjeld omsynet til naturmangfaldet, barn og unge sine interesser, friluftslivet og ålmenne interesser.

Natur- og miljøvern
Arealstrategien har som prinsipp ein *nullvisjon om nedbygging av viktige friluftsområder, uberørt strandsone eller dyrka mark.*

<u>Vegline ved Gløsvågen, Nordlandet nr. 30 i KU</u>
Veglina er ein mogleg framtidig vegtrase over til Tustna synt som raud line i kartet. Areal for mogleg tunnelinnslag ligg i gjeldande arealdel sør for Kvernberget. I konsekvensutgreiinga (KU) har rådmannen vurdert at «*En utbygging av fastlandsforbindelse over en av de alternative traseene i forslaget, vurderes å gi store negative konsekvenser, særlig for natur og friluftsliv. Rådmannen vurderer at det er behov for en grundigere utredning av de ulike alternativene til en fastlandsforbindelse; tunnel, bru(er) og fortsatt fergeforbindelse. Det foreligger ikke et grundig nok kunnskapsgrunnlag for å på nåværende tidspunkt vurdere hva som er det beste alternativet, og det er ikke hensiktsmessig å foreta et retningsvalg før dette foreligger».*

Vi legger til at området ved Gløsvågen ligg i Naturbase som eit svært viktig friluftsområde, utgreidd med metodikk frå Miljødirektoratet sin rettleiar M98-2013. I Naturbase er området skildra som *eit stort sammenhengende friområde. Naturopplevelse, bading, fugletitting og golf. Badeområde, med parkeringsplass, Kolvika. Fjordruta og Sandvikstien. Fisking fra land ved Kvitneset, Stavbrekkskjeret, Skåla, Kolvika, Sandvikneset og Seivika. Deler av området er naturvernområde. Deler av området er statleg sikra som friluftsområde.* Omdisponering og oppsplitting av eit samanhengande friluftsområde og etablering av ein støyande veg er negative verknader for friluftslivinteressene. I tillegg kan veglina ha

negativ verknad på verdiane i Gløsvågen naturreservat i sør, med forureining, støy og uheldige verknad på vassutskifting om det ikkje blir bru over Gløsvågen. Det er fuglar som kan få forringa sitt økologiske funksjonsområde, dvs. leveområde der dei finn mat og hekkar. Her er fleire raudlisteartar. Dette er verdiar som må greiast ut og inngå i kunnskapsgrunnlaget før eventuell avgjer om traseval. Det går ikkje fram av planen om raud line er ei juridisk line eller illustrasjon.

Veglina vil i tillegg gå tvers over formålet *grav- og urnelund* (lilla farge) ved Gløsvågen. Det er motstrid i arealbruken her som bør bli avklart i planen.

Vi viser til friluftsliv- og naturmangfaldverdiane i området og har **motsegn** til vegline i plankartet, jf. naturmangfaldlova og *innsigelsesrundskriv T-2/16* pkt. 3.6 som gjeld friluftslivinteresser.

Bustadområde Storbakken nr. 46 i KU
I KU er det vurdert at områda som har formål *næring* i gjeldande arealdel skal bli gjort om til formål landbruk-, natur- og friluftsliv (*LNF), jf.* kartet nedanfor.



Areal foreslått til bustad (gult).
Grøn figur inne i gult område er myr.



Gjeldande arealdel. Aktuelt areal vist med kryss.

Bustadområdet vil bygge ned ei *viktig* kystmyr, jf. Naturbase. Ei ganske intakt kystmyr på totalt 113 dekar blir råka, og der forslaget legg til rette for å bygge ned om lag 80 dekar av myra. I tillegg er myr eit viktig klimagasslager, og det er uheldig å bygge ned myr og dermed sleppe fritt klimagassar som elles ligg lagra i myra. Av omsyn til naturmangfaldet og myr som klimagasslager har vi **motsegn**, jf. naturmangfaldslova og T-2/16 pkt. 3.6 som gjeld naturmangfald.

Stabeldammen, nr. 27
Av omsyn til naturmangfaldet har Statsforvaltaren **motsegn** til at arealet får formål *kjøpesenter*. Vi viser til vår motsegn til reguleringsplan i same område der vi også har motsegn av omsyn til naturmangfaldet. Desse motsegnene må følgast opp saman.

Strandsone
Eigendefinert byggegrense sjø
I KU har Kristiansund kommune vurdert: *«Det er særlige hensyn som må ivaretas i strandsonen, og det gjelder et generelt byggeforbud i 100-metersbeltet fra sjø. Her finnes viktige frilufts-, landskaps- og*

naturkvaliteter. Kristiansund er med Molde og Ålesund pekt ut som områder med strengere forvaltning av dette hensynet. I KPA er det foreslått en konkret byggegrense mot sjø der denne skal være mindre enn 100 meter. Dette er gjort i de mer sentrale delene av kommunen hvor strandsonen allerede i stor grader utbygd», jf. kap. 6 i planomtalen.

I planomtalen kap. 6 er følgande område omtala og gitt eiga strandline: deler av Innlandet, Smørvik/Nerlandsdalen/Fløya, Brunsvika/Karihola, Dalabukta, Skorpa/Goma/Vågen, Melkvika/Dale, Nordlandet, Rensvik/Omsundet, Ørnvika/Kvalvåg, Flatsetsundet, Møstavågen/Vadsteinsvika og området Bolgneset/Husøya.

Kommunen har gjort greie for kor det er regulert og bygd frå før i dei aktuelle områda, og langt på veg lagt byggegrensa til grunn for ei slik grense. Fleire stader følger byggegrensa den tidlegare avklarte byggegrense mot sjø.

For dei områda der byggegrense sjø avviker frå eksisterande egendefinerte grense så kan vi ikkje sjå at verdiane som skal leggast vekt på i strandsona er særleg vurdert. Etter plan- og bygningslova § 1-8 skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen.

Sjølv om eit område i byen er bygd ut frå før så er det viktig å likevel sørge for at til dømes ålmenne interesser også i framtida blir gjeldande for sjønære område. Arealdelen legg overordna føringa for framtidige reguleringar. Allereie nedbygd sjønært areal blir med jamne mellomrom transformert eller bygd ut gjennom ny regulering av området. Dersom byggegrensa mot sjø bli lagt heilt ned i sjøkanten (i grensa mellom eksisterande bygg og sjøen) så kan kommunen misse handlekraft i framtidige reguleringsplanprosessar. Slike fellesareal kan vere kaipromenadar og trivelege byrom som er til glede for alle, og som bidrar til m.a. auka bulyst og anna opphald i byen. Statsforvaltaren viser til dei interessene som gjer seg gjeldande i strandsona og finn det uheldig at 100-meters grensa mot sjø blir satt heilt i grensa mellom sjø og land.

Også på Frei er det lagt ut mange mindre strekningar med byggegrense mot sjø på Rensvik/Omsundet, Ørnvika/Kvalvåg, Flatsetsundet, Møstavågen/Vadsteinsvika og området Bolgneset/Husøya m.fl. Vi rår til at byggegrense mot sjø blir flytta lenger inn på land for fleire av område. Ei byggegrense lenger inne på land vil likevel ta vesentleg ned talet på dispensasjonar for kommunen.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er gjort ei tilstrekkeleg vurdering etter pbl. § 1-8 for ny byggegrense mot sjø. Byggegrense heilt nede i sjøkanten vil dei fleste stader vere negativt for interessene knytt til pbl. § 1-8. Byggegrensa må fleire stader bli trekt lenger oppe på land. Vi finn det naudsynt å ha **motsegn** til byggegrense mot sjø gitt i føresegn § 5, jf. T-2/16 pkt. 3.11.

Strandsone i LNF-spreidd

Føresegn § 26.2.2 gjeld LNF spreidd. Av omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen må tredje strekpunkt bli teke ut. Vi har **motsegn** til det er gjort, jf. pbl. § 1-8 og rundskriv T-2/16 pkt. 3.11 som gjeld strandsone langs sjø og vassdrag.

Vassdrag

Pbl. § 1-8 femte ledd slår fast at kommunen skal gjere ei vurdering ved fastsetting av byggegrense mot vassdrag. I føresegn § 5.1.4 er 20 meter kantsone satt generelt for vassdrag. Det blir vist til at det berre er mindre vassdrag i kommunen og at det difor ikkje er naudsynt med meir detaljert

vurdering. Både Rensvikvatnet, Vollvatnet, Drabløsvatnet, Bolgvatnet og Litlvatnet er vassdrag vi meiner det er viktig å få fastlagt ei tilstrekkeleg kantsone. Vi rår til at kommunen tar utgangspunkt i desse vatna i ei vurdering av kantsone langs vassdrag. Vi har **motsegn**, jf. pbl. 1-8 femte ledd.

Naust i Ørnvika, nr. 43 i KU

I planforslaget er det lagt til rette for eit naustområde nr. 43 i Ørnvika.



Ny arealdel



Gjeldande arealdel

I Ørnvika-området har kommunen prioritert auke i busetting i lang tid. Her ligg bustadfelta Ånesmyra/Solsletta, Ørnvika, Ørnvika Vest, samt ein vesentleg del med spreidd busetnad. Sjølve vika er ei langgrunn leire som ser ut for å vere godt eigna for bading og rekreasjon, og tilgjengeleg for alle dei som bur i området. Det er grunn til å tru at det sjønære området og leira er eit naturområde som gjer Ørnvika-området attraktivt som buområde. Ved andre offentleg ettersyn blir det lagt til rette for utviding av eit naustområde midt i vika, der det står to naust med betongdekke frå før. Å legge til rette for nye naust der det allereie er gjort inngrep kan vere ein gangbar veg for å samle inngrep i strandsona. Vår vurdering er likevel at det er uheldig å bygge ned meir av eit så attraktivt område for friluftslivet med ålmenn ferdsle og opphald. I tillegg er arealet lite eigna til naust pga. lang leire som gjer det vanskeleg å dra opp båt mm. Vi rår kommunen til å ha fokus på ålmenta sin tilgang til det attraktive strandområde, og ikkje bygge stranda ytterlegare ned bit-for-bit. Vi gjer merksam på at barn og unge er ei gruppe som gjerne har stor glede av ein bade- og aktivitetsplass av denne kvaliteten. Statsforvaltaren har **motsegn** til naustområde nr. 43 i Ørnvika, jf. byggeforbodet i pbl. § 1-8 og T-2/16 pkt. 3.11 som gjeld strandsone langs sjø og vassdrag.

Sjøareal i Brunsvika, nr. 11 i KU

I planforslaget er arealet gjort om frå formål *bustad der byggeforbodet i strandsona gjeld,* til «sjøformål». Arealet bør bli vist som *Bruk og vern av sjø og vassdrag* med underformål *friluftsområde*. Kommunen bør sette eit underformål for å avklare arealbruken. Alternativt kan arealet vere *Grønstruktur* med underformål *friområde*. Det er eit mål å halde arealet tilgjengeleg for ålmenta og vi har **motsegn** til formålet sørger for at ålmenne- og friluftsinteressene er ivaretatt, jf. pbl. § 1-8.

Barn og unge

Grusbane gbnr. 5/559, nr. 13 i KU

I gjeldande arealdel er det 2 dekar store området på gbnr. 5/559 *friområde*. Ved første offentleg ettersyn var det også satt av til *friområde*, men no ved andre offentleg ettersyn har området formål *bustad*. Kommunen ønskjer å behalde 1 300 m^2 til kvartalsleikeplass (jf. føresegn § 20.2), men her bør kommunen heller vurdere å behalde arealet i sin heilskap som kvartalsleikeplass til uorganisert leik. Området er kartlagt etter Miljødirektoratets metodikk i rettleiar M98-2013 som *svært viktig friluftsområde*. Det er mange barn og unge som ikkje har interesse eller høve til organisert trening,

og for desse er slike areal viktige for fysisk aktivitet og trivsel. Heile arealet bør bli sett på som ein framtidig ressurs til beste for barna i området. Vi har **motsegn** til formålet bustad på areal nr. 13 i KU, jf. RPR barn og unge pkt. 5.d og T-2/16 pkt. 3.10 som gjeld friluftsliv.

Eriksenneset, gbnr. 10/81 m.fl., nr. 21 i KU:
Dette er eit areal som i gjeldande plan er næringsområde (industri). Arealet vart tatt inn som friområde ved første offentleg ettersyn, men som ved andre offentleg ettersyn har formål *bustad/industri/lager*. Vi rår kommunen til å endre gbnr. 10/264, 10/134, 10/601, 10/108, 10/819 til *friområde* til beste for alle bustadane som ligg nord for vegen, samt framtidige bustadar det blir lagt til rette for lenger vest i nr. 21. Ein kvalitet ved arealet er at det enno har noko naturleg strandsone som ligg smal mellom sjøen og Omagata. Arealet kan gi ein «grøn» passasje til eksisterande friområde.

Kvartalsleikeplassar
Kommunen har vedtatt endra skulestruktur, og som ein konsekvens skal Gomalandet barneskule, Rensvik og Bjerkelund barneskular leggast ned. Det går fram av planforslaget at ein del av skuleområda også i framtida skal vere kvartalsleikeplass for barn og unge. Det er svært positivt at slike etablerte og sentralt plasserte større leikeareal får fortsette som aktivitetsområde for uorganisert leik og aktivitet. For å sørge for at areala blir sikra i planen så må dette ga fram av føresegn eller plankart. I § 38 er 3500 m^2 stort areal sikra ved Rensvik skole. I § 23.4 er 1500 m2 areal sikra for Dalabrekka skole. For Bjerkelund barneskole skal 2500 m2 vere kvartalsleikeplass, jf. § 20. Vi ser at Gomalandet skoleområde fortsett å vere *tenesteyting*, men at det ikkje lenger skal vere skule. Vi rår til at deler av området blir satt av til kvartalsleikeplass i arealdelen, for å unngå at anna tenesteyting på sikt nyttar areala til anna aktivitet som ungar i nærområdet ikkje kan nytte i fritida.

Klima
I område nr. 34 i KU dvs. deler av gbnr. 137/568, 137/568 og 137/233 kan det byggast ned 20,9 dekar myr.
Nr. 40 gbnr. 135/114 i Omsundet vil berøre og bygge ned 11 dekar organisk materiale/myr.

Nr. 44 gbnr. 120/11 i Kvalvåg legg til rette for å bygge ned heile 85 dekar urørt natur, der ein mindre del er myr. I tillegg er det i Kvalvåg areal nærare dagens busetnad som bør bli bygd ut før dette arealet, og slik vil vi kunne samle inngrepa også i grisgrente strøk. Av Artskart går det fram at området kan vere funksjonsområde for raudlista hønsehauk (VU – sårbar) og stær (NT – nær trua). Sensitive Artsdata viser at det store skogsområdet i nærleiken er ein god lokalitet for hekkande hønsehauk.

Nr. 46 Storbakken vil røre ved ei 113 dekar myr og legge til rette for å bygge ut 80 dekar av denne. Det kan vere fleire areal i arealdelen som ikkje er lista her. Vi viser til eiga motsegn for dette arealet.

Myr er eit klimagasslager som ved inngrep fører til vesentleg klimagassutslepp, særs om myra er djup. Dersom vi i åra framover skal greie å nå klimagassmåla satt internasjonalt og nasjonalt så må også kommunen i sitt daglege arealhushald søkje unngå slike område om mogleg. Arealrekneskapen i Kristiansund kommune gir signal om at nedbygging av myr ikkje er einaste alternativ, og vi har **motsegn** jf. T-2/16 nr. 3.4 som gjeld klima.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing
ROS-analysen knytt til kommuneplanen sin arealdel er oppdatert og synleggjer i større grad vurderingane som ligg til grunn for konklusjonane om risiko og sårbarheit. Analysen gjev òg meir utfyllande informasjon knytt til hendingar som er vurdert som relevante.

ROS-analysen har likevel eit forbetringspotensial. Vi ser opplysingar i andre dokument som er relevant å inkludere i analysen. Til dømes opplysinga om vassdrag i kommunen og korleis planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon frå desse. ROS-analysen synleggjer heller ikkje vurderingane om tryggleik rundt storulukkeverksemder.

Kommunen har fleire storulukkeverksemder. Vi ser at det er nytta indre, midtre og ytre omsynssone rundt verksemdene med tilhøyrande føresegner. Framstillinga av omsynssonene og formuleringa i føresegnene er i tråd med DSB sin rettleiar «*Sikkerhet rundt storulykkevirksomheter*». I ROS-analysen står det at det er god avstand mellom aktuell industri og anna opphald/ferdsel. Det står ikkje noko om kvifor ein meiner at avstanden er god/tilstrekkeleg. I rettleiaren «*Sikkerhet rundt storulykkevirksomheter*» står det at risikokonturar eller tryggleiksavstandar gjev eit fagleg vurderingsgrunnlag for fastsetting av omsynssoner rundt storulukkeverksemder. Er omsynssonene satt med bakgrunn i risikokonturar/tryggleiksavstandar slik som skildra i rettleiaren til DSB, og er det derfor avstanden er vurdert som «god»?

ROS-analysen må synleggjere kva vurderingar som ligg til grunn for fastsetting av omsynssonene rundt storulukkeverksemdene i kommunen, og kvifor omsynssonene sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Stasforvaltaren **opprettheld** motsegna knytt til tryggleik rundt storulukkeverksemder, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1. ROS-analysen er her framleis mangelfull, og vi **opprettheld** motsegna til ROS-analysen, jf. pbl. § 4-3.

Det kjem fram i ROS-analysen at DSB sin rettleiar «*Havnivåstiging og stormflod*» er nytta som kunnskapsgrunnlag for å vurdere tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod. Utrekningsmetoden i rettleiaren seier at gjentaksintervala skal rundast av til næraste 10 cm. Slik at tala i analysen til dømes vert 270 cm for 1000-årsstormflod og havnivåsting.

Temaplanen med faresoner viser 1000-årsstormflod og havnivåstiging som omsynssone. Lokal bølgjepåverknad er ikkje inkludert. Vi meiner at dette ikkje er ei aktsemdssone som skildra i planføresegnene. Dette fordi omsynssona ikkje viser *potensiell* fare, men sona viser reell fare for 1000-årsstormflod og havnivåstiging (utan bølgjepåverknad). Omgrepet aktsemdssone vert soleis misvisande. Aktsemdssonar i plankart gjev ikkje berre informasjon om område med potensiell fare, men òg kva område som er vurdert som trygge utan nærare vurdering/dokumentasjon. I dette tilfellet kan det vere stormflodfare *utanfor* omsynssona ettersom sona ikkje inkluderer potensiell bølgjepåverknad. Dette kjem òg fram av føresegna knytt til omsynssona. Føresegna krev at tilstrekkeleg tryggleik mot bølgjepåverknad må dokumenterast òg utanfor sona.

Vi er usikre på korleis kommunen skal sikre at dei som nyttar kommuneplanen som plangrunnlag fangar opp kravet i føresegna når dei planlegg tiltak utanfor omsynssona for stormflod. Kommunen risikerer med denne tilnærmingsmetoden at kravet om å dokumentere tryggleik mot bølgjepåverknad ikkje vert fanga opp, og at stormflodfaren ikkje vert tilfredsstillande varetatt i vidare planlegging/sakshandsaming.

Eit betre løysing vil i dette tilfelle vere å skrive føresegna om til ei generell føresegn, og ikkje knyte den til ei konkret omsynssone. Då fjernar ein risikoen for at omsynssona gjev misvisande informasjon om stormflodfaren i kommunen. Alternativt må omsynssona utvidast slik at den òg

dekker område med potensiell bølgjepåverknad. Kommunen kan til dømes i ROS-analysen og/eller KU, på eit overordna nivå, vurdere i kva grad ulike område er utsett for bølgjer. Ei slik vurdering kan gje grunnlag for å justere omfanget til omsynssona.

Planen sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod, inkludert havnivåstiging og bølgjepåverknad, og Statsforvaltaren **opprettheld** motsegna, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1 og TEK17 § 7-2.

Det er gjennomført ei avgrensing av område med moglegheit for kvikkleire. Avgrensinga er gjort ut frå flyfoto som viser fjell i dagen eller at det er grunt til fjell. Ein slik metode for å avgrense potensielle fareområde er i tråd med rettleiaren til NVE.

Etter avgrensinga av aktsemdsområde ligg det igjen område der ein ikkje har avskrive faren for områdeskred av kvikkleire. Desse områda er synt med omsynssone i temaplanen for faresoner. Kommunen bør vurdere å skilje mellom omsynssone for kvikkleireskred og anna potensiell skredfare. Dette kan gjere seinare sakshandsaming lettar med tanke på krav til naudsynt dokumentasjon. Statsforvaltaren meiner at planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot områdeskred av kvikkleire og kan **trekke** motsegna, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1 og TEK17 § 7-3.

<u>Næringsområde i sjø på Husøya</u>
Vi kan ikkje sjå at fylling i sjø ved Husøya-området er gjort greie for i KU, og finn at KU må bli oppdatert. Sjøfyllinga var inne i gamal arealdel men vart tatt ut i sjøområdeplana. Ved andre offentleg ettersyn er arealet gitt kombinasjonsformål *industri/kontor/lager* (I/K/L).


Ny arealdel


Gjeldande plan

<u>Flyplassen</u>
Flyplassen er utvida austover, men det manglar konsekvensutgreiing. KU må bli oppdatert.

Føresegn
Vår gjennomgang av planføresegna er avgrensa til å følgje opp våre ansvarsområde i arealdelen.
I § 1.1 er det krav om at kommuneplanen går framfor eldre reguleringsplanar ved motstrid. Det er ei eintydig og konkret avklaring. § 1.2 er for så vidt riktig, men overflødig og kan bidra til at det blir usikkerheit om hovudregelen i § 1.1 gjeld. Vi rår til at § 1.2 blir tatt ut.
§ 1.3 er eit unntak frå 1.1. VI rår til at § 1.3 blir omtalt som unntak. Er det tenleg med ei avklaring i retningslina kva bevaring ein siktar til? Oppsummert rår vi til at § 1.1 er hovudregelen, og med eit unntak, dvs. § 1.3.

§ 2 gjeld plankrav. § 2.1.1 bør skrivast om for å avklare at det gjeld eit plankrav. Forslag kan vere: *Bygge- og anleggstiltak og andre tiltak* (kan ta med pbl. § 20-1 bokstav a, d, g, k og l her) *krev reguleringsplan.*
§ 2.2.2 Det er vist til at det ikkje gjeld eit plankrav for *små tiltak* og tiltak som *påvirke LNF-verdiane negativt.* Det er uavklart kva som ligg i desse omgrepa, noko som opnar for uheldig skjønn. Kommunen kan vurdere å ta bort §2.2.2**.**
Er § 2.3 meint å vere eit unntak frå hovudregelen i § 2.1? Ordlyden i § 2.3.1 er uklar og må klargjerast. Vi rår til at momenta lista i a)-e) kan tene som retningsliner som kommunen kan nytte når dei i enkelte høve gjev dispensasjon frå plankravet.
§ 2.3.1 bør bli tatt ut av føresegna.
§ 5 gjeld byggegrense mot sjø. Her må bli gjort ei konkret vurdering etter omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen, jf. pbl. § 1-8.
§ 5.1.4 gjeld byggegrense mot vassdrag. Her må bli gjort ei konkret vurdering, jf. pbl. § 1-8 femte ledd. Kommunen kan vurdere å ta utgangspunkt i fleire større ferskvatn som inngår i vassdrag i kommunen.
§ 6.7 gjeld studentbustadar. Vi viser til TEK 17 § 1-2 nr. 6 som gjer unntak frå nokon innandørs krav. Vi ber dykk vise til TEK17 § 1-2 nr. 6 for å bli meir konkret og avklarande.
§ 8. gjeld barn og unge sine interesser i planlegginga. Det må bli gjort ei kopling mellom sone og temakart A soneinndeling av kommunen.
§ 16.1 gjeld støy. § 16 bør ikkje vise til tabell 3 i T-1442, men skrive dette kravet annleis. Årsaka er at revidert utgåve av T-1442/21 no syner akseptable støynivå i tabell 2. Elles så er føresegna krydra med retningsliner som strengt tatt bør synast som retningsliner.

§ 16.2.2 må ta ut ordet «drøfte» som krav til støyfagleg utgreiing. Ei støyfagleg utgreiing er eit fagleg grunnlag før kommunen si drøfting i plan- og byggesaksbehandling.
Føresegna om naust § 19 siste setning er upresis. Setninga kan også gje uheldige forhåpningar om at 2 meter er greitt i alle saker, noko som kan gje kommunen mindre handlingsrom for å finne beste samla løysing saman med søkjar i enkeltsaker. Vi rår til at setninga blir tatt ut. Som eit minimum må det ga klarare fram kva som er meint.
§ 23 viser bokstavmerking i kombinert *bebyggelse og anlegg*. Vi rår til at bokstavmerkinga er i tråd med kart- og planforskrifta.
§ 26 gjeld LNF-område. Jamfør pbl. 11-7 skal *det i områder hvor arealplanen bare angir hovedformål for arealbruk, skal det i nødvendig utstrekning gis bestemmelser som klargjør vilkårene for bruk og vern av arealene* I § 26.2 må det avklarast kva som er hovudregelen på slikt areal. LNF a) er ifg. pbl. § 11-7 *areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag.*
§ 26.2 LNF-spreidd busetnad har i a)-d) lista fleire kriteria som avklarar når det ikkje er behov for dispensasjon. Se veileder pkt. 1.5. Av omsyn til samfunnsinteressene som gjer seg særleg gjeldande i strandsona, og som også Statsforvaltaren har som ansvarsområde, så må tredje strekpunkt i § 26.2.2 bli tatt ut.

§ 26.2.2 første strekpunkt må bli meir eintydig slik at lesaren kan forstå kva krav som gjeld for bustad og for fritidsbustad. I tillegg vil vi påpeike at ein fritidseigedom i LNF-område kan vere mange dekar, og med 30% BYA kan det i realiteten bli bygd eit svært stort bygg i tråd med kommuneplanen. Vi trur ikkje det er hensikta, og rår til at kommunen heller vurdere å nytte maksimal storleik på bustader og fritidsbustader i LNF-område.

Plankart
I plankartet er det bokstavkode for kvart byggeformål. Det kan sjå ut som om kommunen har laga eigne bokstadkombinasjonar som ikkje er i tråd med planformålforkortingar gitt i Nasjonal produktspesifikasjon. Det gir betre lesbarheit for alle aktørar om kommunen nyttar standardforkortingar.

Konklusjon
Avinor og Statsforvaltaren har motsegn til kommuneplanen, der motsegnpunkta er lista opp i starten av fråsegna. Dersom noko er uklårt ber vi om at ein tek direkte kontakt med saksbehandlarane.

Dersom kommunen ønskjer ein gjennomgang av føresegna så er vi positive til dette.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f)
ass. statsforvaltar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef - plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15
Gunvor Ytterstad, tlf. 71 25 84 80

Vedlegg:
1 Kristiansund kommune - Kommuneplaner - 2. gangs høring og offentlig ettersyn - Kommuneplanens arealdel 2020-2032 - Innsigelse fra Avinor.PDF

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest	Naustdalsvegen 1b	6800	FØRDE
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN

Statsforvalteren i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MOLDE

Vår ref.
19/00455-19

Vår dato:
30.05.2022

Deres ref.

Deres dato:

Vår saksbehandler:
Einar K Merli - 976 51 687

Kristiansund kommune - Kommuneplaner - 2. gangs høring og offentlig ettersyn - Kommuneplanens arealdel 2020-2032 - Innsigelse fra Avinor

Vi viser til kommunens brev av 28.04.2022 (PLAN-19/00334) vedrørende 2. gangs høring og offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel 2020-2032.

Avinor har tidligere uttalt seg til oppstart av planarbeidet ved brev av 12.04.2019 til kommunen.

1. Innledning

Luftfartstilsynet har den 18.05.2016 med hjemmel i *§ 1 i Forskrift om sertifisering av flyplasser mv. datert 25.08.2015*, jf. *artikkel 6 i EU-forordning nr. 139/2014*, sertifisert Kristiansund lufthavn Kvernberget. Etter søknad fra Avinor endret Luftfartstilsynet den 19.02.2019 sertifiseringsbasisen (CB) for lufthavnen til *CS-ADR-DSN utgave 4.*

2. Lufthavnarealer

I forslag til plankart, sist revidert 31.01.2022, er Kristiansund lufthavn angitt med eget lufthavnformål. Etter det vi kan se er ikke hele Avinors eiendom gbnr 33/50 på sørsiden av rullebanen lagt inn som lufthavnformål, avgrenset med blå stiplet strek på kartutsnittet under (som ble vedlagt vårt brev av 12.04.2019).



Avinor AS
Postboks 150
NO-2061 Gardermoen
Tlf: +47 67 03 00 00 / Fax: +47 64 81 20 01
post@avinor.no / avinor.no

Det aktuelle området benyttes til kontrolltårn og inngjerding av sikkerhetsområdet rundt rullebanen. Avinor ber om at det aktuelle arealet legges inn som lufthavnformål på kommuneplanens arealdel (plankart).

3. Høyderestriksjonsflater/hinderflater i restriksjonsplanen for Kristiansund lufthavn

Etter det vi kan se av forslag til bestemmelser og retningslinjer, sist revidert 25.04.2022, er høyderestriksjonene i restriksjonsplanen for lufthavnen tatt inn i § 32.1 og vist under temaplan E. Krav knyttet til kranbruk er tatt inn i retningslinjene til samme bestemmelse.

4. Byggerestriksjonskart (BRA-kart) for Kristiansund lufthavn

Etter det vi kan se av forslag til bestemmelser og retningslinjer er byggerestriksjonene for flynavigasjonsanleggene tatt inn i § 32.2 og vist under temaplan E.

5. Turbulensvurderinger

I forslag til bestemmelser og retningslinjer er krav knyttet til turbulensvurderinger ved Kristiansund lufthavn tatt inn i § 32.4.

6. Farlig eller villedende belysning

Krav knyttet til lyssetting rundt lufthavnen er tatt i retningslinjene til § 32 i forslag til bestemmelser og retningslinjer.

7. Innflygingslys - Frisikt

Restriksjonsområde rundt innflygingslysene er lagt inn som hensynssone H130_1 i forslag til plankart med tilhørende vilkår i § 32.3 i forslag til bestemmelser og retningslinjer.

8. Forebyggende tiltak mot «birdstrike»

Av hensyn til flysikkerheten vurderer Avinor all ny virksomhet/aktivitet rundt en lufthavn som kan tiltrekke seg fugl. Det vil ved en lufthavn være en viss risiko for kollisjon mellom fly og fugl, såkalt «birdstrike», som Avinor har som mål å redusere til et minimum. Denne faren er mest kritisk ved avganger.

I forbindelse med EU-regulativ nr. 139/2014 skal Avinor som flyplasseier overvåke en 13 km sone. Kravet er at lufthavnoperatøren skal overvåke lufthavnens nærområde for endringer i risikobilde i forhold til menneskelig aktivitet og endret bruk av områder.

Avinor ber om at følgende bestemmelse tas inn i kommuneplanens arealdel som et nytt punkt under § 32, jf. *EU-regulativ nr. 139/2014, ADR.OPS.B.020 Wildlife strike hazard reduction (b) og (c) med tilhørende AMC1 ADR.OPS.B.020 Wildlife strike hazard reduction – General (b) og (c) og ADR.OPS.B.075 Safeguarding of aerodromes med tilhørende AMC1 ADR.OPS.B.075 Safeguarding of aerodromes – General:*

> ***Forebyggende tiltak mot «birdstrike» ved Kristiansund lufthavn***
> *Det må i nye reguleringsplaner settes krav om at ny infrastruktur og endringer i landarealer som kommer i berøring / ligger i nærheten av inn- og utflyging samt etablerte soner for nødprosedyrer må utformes slik at de ikke tiltrekker seg fugler for hvile, mat eller hekking.*

Avinor AS
Postboks 150
NO-2061 Gardermoen
Tlf: +47 67 03 00 00 / Fax: +47 64 81 20 01
post@avinor.no / avinor.no
NO 985 198 292 MVA

9. Flystøysoner

Flystøysonene rundt Kristiansund lufthavn er vist på temaplan C med tilhørende vilkår i § 16 i forslag til bestemmelser og retningslinjer.

10. Avsluttende merknader

Dersom overnevnte arealer av Avinors eiendom gbnr 33/50 på sørsiden av rullebanen ikke legges inn som lufthavnformål på plankartet (jf. punkt 2) og det ikke innarbeides ny bestemmelse knyttet til forebyggende tiltak mot «birdstrike» ved Kristiansund lufthavn (jf. punkt 8), må dette brevet forstås som en innsigelse til kommuneplanens arealdel fra Avinor, jf. *Plan- og bygningsloven § 5-4.*

Med vennlig hilsen
Avinor AS

Einar K Merli
Arealplanlegger
Masterplan, flyplassutforming og kapasitet

Dokumentet er godkjent, og krever ikke en digital signatur.

Kopi til:
Kristiansund Kommune
Luftfartstilsynet

Avinor AS
Postboks 150
NO-2061 Gardermoen
Tlf: +47 67 03 00 00 / Fax: +47 64 81 20 01
post@avinor.no / avinor.no
NO 985 198 292 MVA

Møre og Romsdal
fylkeskommune

FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

Kristiansund kommune
Postboks 178
6501 KRISTIANSUND

Deres ref:	Deres dato:	Vår ref:	Vår saksbehandler:	Vår dato:
PLAN-19/00334-213	28.04.2022	56667/2022/KOMMUNEPLAN/1505	Johnny Loen, 71 28 02 43	13.06.2022

-

Kristiansund kommune - kommuneplanens arealdel 2020 - 2032 - uttalelse ved offentlig ettersyn (andre gang) - vilkår for egengodkjenning

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øverste myndighet.

Fylkeskommunen er på vegne av staten delegert forvaltingsmyndighet blant annet innen samferdsel, kulturminnevern, vannressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådriver for regional utvikling og som tjenesteleverandør innen kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, sammen med lover, forskrifter og retningslinjer styrende for hvordan de ulike rollene og oppgavene blir samordna og løst, også når vi er høringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi tilrår at alle kommuneplaner blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.

INNLEDNING

Saken gjelder andre gangs høring av kommuneplanens arealdel. Planen omfatter hele kommunen unntatt sentrumsområdet, der det er vedtatt en egen delplan. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut fra våre ansvarsområder følgende merknader:

MERKNADER TIL KONSEKVENSUTGREIINGA

Planfaglige merknader

Ved første gangs høring hadde fylkeskommunen innsigeler av planfaglig karakter, knytt til konsekvensutgreiingene. Vi kommenterer punktvis nedenfor:

- Metode for konsekvensutgreiinger er bedre gjort greie for.
- Teksten i utgreiingene er omarbeidd slik at virkninger kommer tydelig fram
- Innspill som ikke tas til følge er omtalt i eget dokument og konklusjonen er greit grunngitt.
- Når det gjelder skoleloklisering på Frei, er det igangsatt egen reguleringsprosess. Videre klargjøring av virknninger vil måtte synliggjøres der.
- Samla konsekvenser av planforslaget er bedre gjort greie for i planomtalen.
- Det er lagt ved arealstatistikk

Ut fra de endringene som er gjort vil innsigelsen til konsekvensutgreiingene på det planfaglige grunnlaget trekkes.

Barn og unge
Virkningene for barn og unge kommer tydeligere fram i planomtalen. Innsigelsen gitt i medhold av rikspolitiske retningslinjer om barn og unge trekkes.

Kulturminner
Også for kulturminner generelt, er konsekvensutgreiingene supplert og styrka. Innsigelsen kan trekkes. Vi vil likevel rå til følgende tilleggsopplysninger:

Dalabrekka skole. Skolebygning fra gjenreisningsperioden med sterkt arkitektonisk særpreg. Riving eller omfattende endring av volum og eksteriør vil være negativt.

Freiveien 10 og 12. Fare for at nærliggende kulturmiljø påvirkes negativt av endringer.

Israelsnesset 9. Inngår i NB!-området Vågen, med flere bygninger og et samla miljø av kulturverninteresse. En bygning er meldepliktig etter kulturminnelova. Virkningene av nybygging vil være negative.

Eriksennesset. Nergata 30 og 34 er fra før 1850, og har høy verneverdi. Viktig å sørge for godt med åpent areal rundt.

Byskogen. Interessant gammelt fritidshus område som del av prosjektet Minde hageselskap. Eventuelle endringer bør vurderes i reguleringsplan.

Samferdsel
Vi kommenterte manglende synliggjøring av samferdselskonsekvenser knytt til lokalisering av Rensvik skole. Dette er nå gjenstand for egen reguleringsprosess, og vi trekker derfor innsigelsen.

Delkonklusjon konsekvensutgreiinger
Konsekvensutgreiingene er supplert og omarbeidd på en slik måte at innsigelsen til denne kan trekkes i sin helhet.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET
Planfaglige merknader
Planomtalen er vesentlig utvida og omarbeidd, og vi registrerer at de merknadene vi hadde ved første gangs ettersyn er imøtekommet. Etter vår vurdering er nå planomtalen god.

Om plankartet
Det er påført feltkoder i tegnforklaringa. Tegnforklaringa ikke er tydelig på at plangrense, grenser for arealformål og bestemmelsesområde er juridisk bindende linjesymboler. Dette bør klargjøres bedre. Det bør også gjøres tydeligere at linjesymboler for nye veitraséer med tanke på kryssing av Talgsjøen ikke er juridisk bindende.

Kartet har en rekke små arealer benevnt LNF-spredd, med indekser B, F eller N (bolig, fritidsbolig eller næringsbebyggelse). Bruken av LNF-spreidd på denne "fragmenterte" måten er uvanlig, men vi har ikke avgjørende innvendinger til det. Det er utabreidd en bestemmelse for formålet, som ser ut til å fokusere bare på boliger og fritidsboliger (ikke næring).

Når det gjelder hensynssoner viser vi til tekst om bestemmelsene i neste avsnitt.

Om bestemmelsene
Flere av våre merkander om bestemmelsene er tatt til følge, men vi har fremdeles en del kommentarer som kommunen bør/må se nærmere på før endelig godkjenning av planen.

Som det kommer fram i uttalelse ved første gangs ettersyn, er det lov/forskrift som regulerer forholdet mellom kommuneplanens arealdel og underliggende reguleringsplaner. Bestemmelser til arealdelen kan ikke endre dette. Hjemler for bestemmelsene generelt, er fastsatt i pbl §§ 11-9 til 11-11, og det er ingen åpning i disse til å gjøre eldre reguleringsplaner "delvis gjeldende". Veilederen til kommuneplanens arealdel sier følgende i kapittel 5.4:

"Ny arealdel av kommuneplanen gjeld normalt føre eldre overordna planar, eldre reguleringsplan og utbyggingsplan (etter tidlegare lov), jf. § 1-5. Arealdelen gjeld ikkje i den utstrekning at han strir mot reguleringsplan som seinare blir gjort gjeldande. Eldre statlege planføresegner, reguleringsplanar og utbyggingsplanar (etter tidlegare lov) supplerer og utfyller arealdelen i kommuneplanen der det ikkje er motstrid mellom desse.

Dersom det blir vedteke arealdel av kommuneplanen som fastlegg ein annan arealbruk enn fastsett i eldre regulerings- eller utbyggingsplan (eventuelt etter tidlegare lov), bør kommunen snarast mogleg endre eller oppheve regulerings- eller utbyggingsplanen.

For å unngå tvil om arealbruken i arealdelen i kommuneplanen er den same som i eldre reguleringsplan, skal kommuneplanen definere kva for eksisterande reguleringsplanar som framleis gjeld. Dersom situasjonen er slik at alle eldre reguleringsplanar framleis skal gjelde, kan dette markerast på plankartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 11-8 tredje leddet bokstav f. Det kan også eventuelt takast inn som ei samla opplysning i planskildringa."

Det betyr at § 1.1 i forslaget fra Kristiansund kommune bare er en saksopplysning om forhold bestemt i lov. Det betyr at § 1.2 vil gjelde der eldre regulering ikke eksplisitt fastsetter rammer for bebyggelsen. Det betyr at § 1.3 ikke vil ha rettsvirkning fordi den ikke har hjemmel. Det betyr også at retningslinja gir føringer som vil være i strid med loven. Dersom detaljer i reguleringsplan skal gjelde, må planen ha hensynssone H_910 i plankartet.

Sett fra fylkeskommunens side, vil vi ikke ha planfaglig innsigelse til at kommunen gjør vedtak som reint juridisk betyr at kommuneplanen skal gjelde framfor alle eksisterende reguleringer, men for kommunen vil dette skape store utfordringer i samband med enkeltsaker. Eventuell klagebehandling i bygge- og dispensasjonssaker vil måtte basere seg på det formelle hjemmelsgrunnlaget og ikke på kommunens gode intensjoner.

Det er viktig å være oppmerksom på at kommuneplanen IKKE formelt opphever eldre reguleringer der hensynssone H_910 IKKE er brukt. Det betyr at rammer for utnyttingsgrad o.l, som er gitt i reguleringene, vil gjelde der kommuneplanen ikkje gir motstridende rammer. Dersom arealformålene er motstridende, vil kommuneplanen gjelde foran, og det vil være nødvendig med dispensasjon fra denne dersom det omsøkes prosjekt i medhold av en mer detaljert reguleringsplan. Retningslinjer til kommuneplanen bør primært dreie seg om dette.

Et særskilt forhold gjelder hensynssoner i eldre reguleringsplaner. Dersom hensynssone H_910 IKKE brukes, og det er fastsatt hensynssoner (ev. "spesialområder") i den eldre reguleringsplanen, vil manglende hensynssoner i kommuneplan gjelde framfor reguleringa siden kommuneplanen er nyere og det er per definisjon motstrid mellom de to

planene. Se merknad om § 1.3 ovenfor. Hensynssoner som skal gjelde, må med andre ord videreføres i arealdelen.

